



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
048/26	Formannskapet	28.04.2026

Høyring: Forskrift om opning av jakt og fastsetjing av minsteareal for hjort og fastsetjing av fellingsavgifter for hjort

Bakgrunn for saka:

Den 1. juli 2026 vil ny viltressurslov tre i kraft. Den nye lova vidarefører krava i viltlova om at kommunen må fastsetje forskrift for å opne for jakt på elg, hjort og rådyr, og for fastsetjing av minsteareal (viltressurslova § 42).

Viltressurslova som gjeld frå 1. juli 2026, innfører også eit krav om at kommunar som ønskjer å krevje inn fellingsavgift for kvart felt dyr av elg og hjort, må gjere dette i forskrift. Avgifta må fastsetjast innanfor rammer fastsette av Stortinget i statsbudsjettet.

Stryn kommune har ingen gjeldande forskrift som opnar for jakt på hjort, og må difor lage ei forskrift som gjer det i denne omgangen.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Lov om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven). LOV-2025-06-20-102

Ikkje vedlagt sakstilfang:

Vedlegg i saka:

Forskrift om opning av jakt og fastsetjing av minsteareal for hjort og fastsetjing av fellingsavgifter for hjort 1714165

Saksopplysningar:

Den 1. juli 2026 vil viltressurslova (lov 20. juni 2025 nr. 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv.) tre i kraft. Frå same tidspunkt vil dagens viltlov (lov 29. mai 1981 nr 38 om jakt og fangst av vilt) opphevast.

Viltressurslova fører vidare kravet i viltlova om at kommunen må fastsetje forskrift for å opne for jakt på hjort og for fastsetjing av minsteareal (viltressurslova § 42). Lova innfører eit krav om at kommunar som ønskjer å fastsetje og krevje inn fellingsavgift for kvart dyr som blir felt av elg og hjort, må gjere dette i forskrift, jf. viltressurslova § 9 fjerde ledd.

Fellingsavgiftene må fastsetjast innanfor rammer fastsett av Stortinget. Gjeldande rammer følgjer av Prop. 1 S (2024–2025) frå Landbruks- og matdepartementet s. 131.

Fellingsavgift er ei avgift jegerane betalar inn til kommunen etter felling av hjort. Dette blir administrert og fakturert av kvar einskild kommune, og fellingsavgifta tilfell det kommunale viltfondet. Viltfondet vert nytta mellom anna til å dekkje utgiftene kommunen har til ettersøk, handtering og fjerning av skadd vilt eller vilt som er påkøyrt i trafikken.

Det er Stortinget som fastset makssatsar for fellingsavgifta for dei ulike artane og skil mellom vaksen og kalv. Innanfor makssatsane kan kommunen sjølv avgjere satsen.

I Stryn kommune har fellingsavgifta vore kr. 180 for kalv og kr. 340 for vaksne dyr.

For at brukarane skal sleppe å halde seg til mange lokale forskrifter om hjortevilt i Stryn kommune, vert det føreslått å innlemme satsane for fellingsavgift i den lokale forskrifta for minsteareal på hjortevilt. Stryn kommune har ikkje ei gjeldande forskrift der det vert opna for jakt, og difor vert også ei slik forskrift send på høyring no.

Viltfondet:

Viltfondet skal i hovudsak bidra til å fremje viltforvaltninga og vert nytta til fallviltarbeid i kommunen. Bruken av fondet er regulert i forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond § 5:

- Tilskot til tiltak for å fremje viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering med meir i kommunen og nabokommunar. Dette skal skje gjennom samarbeid i regi av organisasjonar, enkeltpersonar eller kommunen.
- Å dekke kommunen sine utgifter til ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen.
- Tiltak for å førebyggje skadar på landbruksnæringa valda av hjortevilt.

Det er per i dag ikkje ei gjeldande forskrift som opnar for jakt på hjort i Stryn kommune. Vi vil difor ta med dette i den nye forskrifta.

Vurdering:

Fellingsavgifta for hjort er inntekter som går inn på det kommunale viltfondet. Viltfondet skal i hovudsak bidra til å fremje viltforvaltninga i kommunen og vert nytta til fallviltarbeid i kommunen. I Stryn kommune har fellingsavgifta vore kr. 180 for kalv og kr. 340 for vaksne dyr i ein lang periode.

Faste utgifter som blir dekt av viltfondet er fallviltarbeid. Alle storvald i Stryn kommune med godkjent bestandsplan får eit årleg driftstilskot på 20% av innbetalt fellingsavgift, og det blir gitt ei årleg grunnbevilgning til Hjorteutvalet i kommune.

Det er ikkje noko mål i seg sjølv å ha eit stort viltfond. Vi må likevel ha nok midlar til å kunne dekkje kommunen sitt arbeid med ettersøk av skadd hjortevilt. Viltfondet bør gje moglegheiter til å kunne gjennomføre viltretta tiltak og tiltak som fører til betre kunnskap om hjort og hjorteforvaltning. Sidan det også er mogleg å søke om midlar frå viltfondet, for eksempel til tiltak som hindrar at hjortevilt

gjer skade på landbruksnæringa, bør det bundne fondet vere av ein viss storleik.

Det har vore høge fellingsstal for hjort i Stryn kommune i lang tid, som har betydd ei sikker inntekt til viltfondet. Ein mogelegheit som direktoratet har nemnd, er å fastsetje ei fellingsavgift som ein prosentsats av makssatsen som er gitt av landbruksdirektoratet. På den måten unngår ein å revidere forskrift for å auke fellingsavgifta.

Vi ser per i dag ikkje det store poenget med å auke fellingsavgiftene veldig mykje, men at vi heller kan vurdere dette i framtida om fellingsstala reduserast så mykje at det går ut over inntekta til fondet. Forslaget som no blir sendt på høyring legg opp til ei auke på kr. 20,-, som vil betyr at fellingsavgiftene blir kr. 200 for kalv og kr. 360 for vaksne dyr. Dette er omtrent det same nivået som kommunane Volda og Ørsta.

Det er ikkje ei gjeldande forskrift som opnar for jakt på hjort i Stryn, og derfor vert også ei slik forskrift sendt på høyring no. Forskrift for opning for jakt og fastsetjing av fellingsavgift vil bli lagt inn i same forskrift som forskrift om minsteareal

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Forskrift om opning av jakt på hjort, og fastsetjing av fellingsavgifter for jakt på hjort i Stryn kommune, vert lagd ut på høyring.

Høyringa vert lagd ut på heimesidene til kommunen, send direkte til leiarane i storvalda, bondelag, bonde- og småbrukarlag og skogeigarlag.

Høyringsfristen er på seks veker og vert sett til 12. juni 2026.

Formannskapet 28.04.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

FO- 048/26 Vedtak:

Forskrift om opning av jakt på hjort, og fastsetjing av fellingsavgifter for jakt på hjort i Stryn kommune, vert lagd ut på høyring.

Høyringa vert lagd ut på heimesidene til kommunen, send direkte til leiarane i storvalda, bondelag, bonde- og småbrukarlag og skogeigarlag.

Høyringsfristen er på seks veker og vert sett til 12. juni 2026.